



Stem SV i Øystre Slidre!



For dei mange
- ikkje for dei få

Kvifor røyste SV?

Ei røyst til SV vil vere ei røyst for miljø og rettferd, for å ta klimakrisa på alvor, for nytenking innan arbeids- og næringsliv, for meir openheit og dialog mellom kommunen og innbyggjarar /hytteeigarar, og ikkje minst for betre kommunale tenester. SV stiller til val for å ta slagordet til kommunen «rein naturglede» på alvor.

Ei stemme til SV vil vere ei stemme for langsiktig og berekraftig arealplanlegging, der talet på dispensasjonar blir stramma inn. Vi ynskjer at næringsarbeidet byggjer på kunnskap og stadbundne ressursar. Kommunen må ha ein meir offensiv politikk med høve til tilflytting. Vi ynskjer lys i husa. Vi treng at bustadtilbodet vert betre og meir variert enn i dag. Vi vil arbeide for at urørt natur og naturmangfald skal vege tyngre i planlegging og avgjerder. Kulturminne og kulturmiljø er ressursar som skal vera ein del av samfunnsplanlegginga til kommunen.



SV ynskjer

- Ny klima- og miljøplan for å redusere utslepp og ta vare på miljøet.
- Varig vern av Vinda.
- Satsing på eit mangfaldig fjellandbruk, og på Nasjonalt senter for fjellandbruk.
- Å stimulere stølsdrifta for å ta vare på tradisjon og kulturlandskap, og utnytte utmarksressursane.
- Fokus på innbyggjarane våre, at dei ynskjer å bli verande og delta i lokalsamfunnet.
- At kommunen legg til rette for gode møteplassar for alle.
- At frivilligsentralen får meir ressursar for å mobilisere fleire til fellesskapet.
- Eit mangfaldig kultur- og fritidstilbodet som når alle.
- Ei eldreomsorg som skin og ikkje bleiknar.
- Å jobbe aktivt og kreativt for å betre bemannings-situasjonen innan helse og omsorg.
- Å redusere ulikskapen i kvardagen gjennom gode tilbod til vanskelegstilte.
- Meir ressursar til skulane for å styrke skulemiljøet.
- At skulen og SFO skal vere ein aktiv del av lokalsamfunnet gjennom stimulering til auka samarbeid med kulturskulen, frivillige organisasjonar og lokalt arbeids- og næringsliv.
- Full barnehagedekning med rullerande inntak, og ei bemanning av vaksne og pedagogiske tilsette minst etter norma for 2019.
- At kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsplass basert på profesjonalitet, openheit og tillit.

Heile programmet vårt finn du på innlandet.sv.no/oystreslidre

Våre kandidatar



One Granli Enerud

1. kandidat

Eg ynskjer å ta kommunes slagord «rein naturglede» på alvor. Naturen er under press av inngrep og nedbygging. Urørt natur har ein eigenverdi.



Mats Gimming Myhre

2. kandidat

Eg ynskjer at Beitostølen skal vere ein plass for både tilreisande og fastbuande, samstundes som ein tek vare på naturmangfaldet.



Nina Espeseth Grønbrekk

3. kandidat

Eg vil at vi skal ha eit mangfaldig lokalsamfunn der alle kan oppleve tilhørsele og fellesskap. Eg er også opptatt av kulturminna i grendene våre.

| | | |
|-----|--------------------------------|-------------|
| 1. | One Enerud | 1983 |
| 2. | Mats Gimming Myhre | 1981 |
| 3. | Nina Espeseth Grønbrekk | 1985 |
| 4. | Arne Magne Prestegården | 1954 |
| 5. | Kathrin Hofmann Aslaksby | 1968 |
| 6. | Mari Ormberg | 1979 |
| 7. | Toralf Baldersheim | 1943 |
| 8. | Kari Melby | 1983 |
| 9. | Berit Karlberg Myrvang | 1972 |
| 10. | Magne Olav Selland | 1973 |
| 11. | Tore Granli | 1975 |
| 12. | Sivert Andreas Holmen | 1992 |



Les meir på
innlandet.sv.no/oystreslidre

